

# BOKN BYGDABLAD

NR. 7

AUGUST 1990

ÅRG. 5

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## FRIHETSMEDALJE TIL CONRAD OSMUNDSEN

Fredag den 13. juli fekk Conrad Osmundsen tildelt kong Haakon den 7. Frihetsmedalje for særleg lang og innsatsfylt teneste på norske skip under den 2. verdskrigen.

Frihetsmedaljen vart overrekt av ordførar Leif Vatnaland i heimen til Conrad Osmundsen på Austre Bokn. Til stades ved overrekkinga var var utanom nær familie og vener også representant frå marinen. Ved overrekkinga kom ordføraren særleg inn på kor viktig innsatsen til dei norske sjøfolka hadde vore under krigen, og kva det hadde å seia for utfallet av krigen. Han minna også om dei påkjeningane det hadde vore å vera sjømann under forhold kor ein heile tida kunne risikera å bli senka av fienden. Conrad Osmundsen seilte under heile krigen. Til saman var

han på mange skip, først handelsskip, og seinare på skip som høyrde til i den norske marinen. I 1941/42 gjekk farten i den engelske Kanalen, og der vart den allierte flåten jakta på av tyske bombefly og ubåtar. Conrad Osmundsen fortel at dei båtane han var med, ikkje vart torpedert eller minesprengt, men på ein tur var det berre 4 av 12 skip som kom fram av ein konvoi han var med. Conrad Osmundsen fortel også m.a. at han var med på ein tankbåt under den allierte invasjonen av Nord-Afrika og Cicilia. Dei supplerte då eskortefartøya.

Innkludert den siste medaljen, har Conrad Osmundsen nå 7 ulike medaljar som skriv seg frå innsatsen under krigen. 4 av desse er engelske.

## 226 PERSONBILAR PÅ BOKN

I årsmeldinga for 1989 frå Vegvesenet i Rogaland, kjem det fram ein del interessante tal om vegar og kjøretøy i rogalandskommunane.

I ein av tabellane kjem det fram at det til saman er 49,1 kilometer med offentlege vegar i Bokn. Av dette er 6,5 km.

riksveg, 27,5 km. fylkesveg og 15,2 km. er kommunale vegar.

Når det gjeld kjøretøy, så er det tilsaman 514 i Bokn. Av dette er 77 tilhengarar, 11 motorsyklar, 41 mopedar, 1 motorredskap, 108 traktorar, 15 lastebilar, 32 varebilar og 3 bussar. Det er dessutan 226 personbilar registrert i Bokn.

## PÅ OPPDRAG I TANZANIA

Midt i villaste bushen - 8 timar med bil frå næraste by - har Else-Kristine Nilssen nå i 1 år vore i arbeid som sjukepleiar ved intensivavdelinga på eit sjukehus i Haydom-området nord i Tanzania. Tanzania ligg ved kysten av Aust-Afrika.

Det er den tanzanianske kyrkja som eig sjukehuset, men det er Norsk-Luthersk Misjonssamband som er arbeidsgjevar. Haydom-området ligg på ei høgslette på rundt 2000 meter over havet, slik at klimaet er nokså gunstig. På dagen kan det vera rundt 30 varmegrader, medan det på kveld og natt er mellom 15 og 20 grader. Det er mykje vind, slik at klimaet eigentleg føles kjøligare enn temperaturen skulle tilseia.

Folket i området lever av jorda. Dei dyrkar mat til eige bruk, men har etter vår målestokk lite. Husa er bygde av jord, og er etter norske forhold nokså primitive. Else-Kristine seier at folk er både venlege og gjestfrie, men at leveforholda er heilt annleis enn hos oss. Folk har stort sett ikkje meir klede enn det dei har på seg. Maten er stort sett basert på mais. Av denne lagar dei både suppe og graut. I tillegg litt kjøt og spinat. Kjøtkrafta brukar dei som drikke til maten. Det er elles ikkje uvanleg at ein mann har fleire koner. Mellom folk som har utdanning er det mest vanleg med ei kone, slik som her. Det er stort sett kvinnene som arbeider, men mennene har all makt i ekteskapet.

Else-Kristine fortel at det dessverre er stor barnedødelighet. Det er elles mykje malaria, og ein annan sjukdom som er utvikla av insektsstikk. På sjukehuset behandlar dei også skader etter kamp med dyr og av andre årsaker. Det er også ein del beinbetennelser og mage/tarm-sjukdomar. Hjarte-sjukdomar er det lite av, men ein del kreft. Dessverre fins det ein del aids i Tanzania, men ikkje så mykje i Haydom-området. I andre deler av landet kor det er meir gjennomfartsårer, fins det ein god del aids.

Sjølve sjukehuset har eksistert i 30 år. Det er omtrent på storleik som sjukehuset i Haugesund. Det arbeider 11 skandinavar ved sjukehuset. På sikt er det meininga at dei nasjonale skal overta alle stillingane. Husa som skandinavane bur i er norskbygde murhus med innlagt vatn, elektrisitet etc. Else-Kristine fortel at ho har eiga hushjelp som lagar mat, held reint o.l. Else-Kristine er svært opptatt av at utviklingsarbeid i Afrika og andre land berre må vera midlertidig inntil dei nasjonale innbyggjarane sjøl kan overta. Til dette trengs det spesielt utdanning og opplæring. Ho seier at så snart som dei nasjonale sjøl kan overta arbeidet, bør dei andre trekkja seg ut. Else-Kristine kunne godt tenkt seg å arbeida meir i Tanzania. Tida vil visa om dette vert gjennomført.

## BOKN BYGDABLAD

Frå og med denne utgåva er skrivemåten for bladet endra frå Bokn Bygdeblad til Bokn Bygdablad. Dette er helst for

å vera i takt med den lokale uttalen. I same slengen passa det å gå over til ei ny utforming av bokstavane.

## FERIEMINNE

Bokn er barndom, Bokn er bestemorlandet, Bokn er solbrune ungar, kvitvaska sauer i markene og safta av krekling. Bokn er makrellfiske og laksenøter, hummarteiner og blide onklar som alltid hadde plass til ein unge til.

Eg må forklara meg: for meg er Bokn namnet på øyane nord for Boknafjorden, Søre-Bokn i indre Ryfylke er berre eit fjernt og uvedkomande rykte, som sikkert kan stadfestast ved nærare ettersyn. Men det var austre og vestre Bokn eg vaks opp med, og den dag i dag kan eg berre lukka augo for å kjenna luktene, sjå dei nakne svaberga der torva var riven av for å brennast i ovnen i råkalde vintrar.

Bokn var sommarlandet, dit vi reiste med fjordabåtar som trong ei halv levetid der dei stampa seg fram i ein aldri opphøyrande nordatrekk, forbi Fjøløy, forbi Kvitsøy, og omsider, la til kai i Føresvik. Eller vi sveiva opp i den gamle Marna-en og dunka oss nordover når fjorden var blank, og vi ungane utstyrte oss med små plankebåtar som vi hengde på slep og skreiv inn i kvar våre rederi.

Når vi kom fram, var vi i eventyret.

Nye og ukjende senger, nye kvistmønster i taket som i lyse netter såg på oss som vonde eller nysgjerrige augo, forma stygge nasar og sinte augnebryn. Overnattingar i høyløene, bading i viker vi ikkje kjende skikkeleg. Og sol, barndommens uendelege og aldri opphøyrande sol. Og vinterstid kunne eg sjå Boknafjellet heimafrå, det låg

som ein lovnad i solnedgangen, om vinteren var aldri så snølaus og trøysteslaus og endelaus. Eg forstod kor sola gjekk til sengs: det var i Bokn, der var det alltid sol, og om ho sov, låg ho på rommet med søskenborna mine og studerte kvistene i taket.

Men vinteren tok slutt, då fann vi alltid fram til rutebåten på ny, og kunne stiga i land i Føresvik, og reisa vidare til Alvestadkroken (fins det vakrere namn under himmelen?), Oksebåsen (fins det vakrere stad på jorda?) eller Austre-Bokn. Og i sommarlandet, der kunne alt skje. Der kunne vi ro langt til havs, og dra opp sei og makrell i veldige mengder. Der kunne vi køyre med hestekjerre i kilometer etter kilometer og kjøpe is på Handelslaget, der kunne vi avsløre sauetjuvar og notrøvarar i skumre sommarnetter. Ingen stad var vatnet varmare og brødet så nybakt, ingen stad var ungdommane så veldige og vonde, og vi som var små i verda, flydde i stor frykt. Og fortalte kvarandre utrulege ting, når vi var komne vel i hus, og heldt kvarandre oppe med komikk og ville beretningar nettene til ende.

Det hender eg ser Bokn i overskriftene. Dei byggjer bruer og ferjestøer. Eg les med store augo, men aldri får eg inntrykk av at den som skriv har sett mitt Bokn, bestemorlandet, med smak og lukt av barndom og nybaka brød, og med kreklingen lysande svart på kvar knaus.

Artikkelen er skriven av Jan Inge Sørbø, og stod i Stavanger Aftenblad den 3.7.90. Jan Inge Sørbø har gitt løyve til å bruka artikkelen i bygdabladet.

## PÅ TUR MED PENSJONISTEN

For ein start. Det var noke som ikkje stemde.

Pensjonistforeningen møtte opp på Tåganæs presis kl. 8.10.

Turen skulle starta kl. 8.15, men kor var turbussen?

Han kjeme vel snart. Nei, han kom ikkje. Me venta, venta lenge, stemninga nærma seg amper. Det vart trøytt føter og kulsen rygg, og varme tankar og gode ord fall om skyssfolket.

Ein telefonsamtale sette motet opp. Jo, bussen var like om hjørnet den. Berre det at me fekk ikkje vita kva for eit hjørne. Det var berre å venta. Jo visst, det nytta lite. Stå her på Tåganæs, det var ingen tur nei.

Ny telefon. Jo buss var like om hjørnet. Turbussen hadde fått motortrøbbel, sto på Aksdal, ein rutebil var undervegs. Ny venting. Klokka passerte 9. Der kom han. Takk og pris, for nå var humøret mest på null. Men kven rår med uhellet når det er ute og går. Ein får ta det som ein mann. Det gjekk raskt å plassera seg i kvar sitt sete. -For eit godt sete-, det var kommentaren frå mest alle.

Humøret kom til like med at varmen kom i kroppen og føtene fekk kvila.

Greie flinke sjåfør hadde me fått og.

Jelsaferja nådde me kl.10.30. Så var me berga. Det kjendes slik, me skulle jo sjå Ryfylke og enda på Hovda Gård.

Høge fjell og bratte lier, fine bøar av og til, djupe vatn jamen ein skikkeleg stri foss fekk me sjå. 3 ferjer frakta oss over frå Nedstrand til me nådde Randøy. Ingen av dei hadde salong over dekk, så dei fleste vart sitjande i bussen.

Landevegen i Ryfylke har mykje skog til nabo, og difor lite utsyn. Folket bur spreidd, så dei store bygdene er få.

Kjell og Møyfrid kunne nå fortelja kva plassane heitte, så mykje me visste kor me ferdast. Alle sat sikkert med eit ynskje om kaffi. Men det hadde me ikkje med oss, så det får me leggja oss på minne.

Mil etter mil la me bak oss., og omsider var me på Randøy. Her var Kjell kjend og visste kor me for etter kvart som me køyrde. Me kom fram til Hovda Gård akkurat til middag kl. 13.00. Det lukta godt langt ut på tunet.

Sola glytte fram mellom dei høge tretoppene og flagget vaia så fint og ynskte oss velkomen til gards. Ei ung jente kom over gardsplassen og overrekte Olaug ein stor blomsterbukett. Det var frå billaget som ynskte å leggja eit plaster på såret etter den dårlege starten, og all suta det var for ein stakkars formann når det gjekk så på tverke etter at alt var lagt så vel til rette.

På Hovda Gård vart me ynskte velkomne til gards og bedne inn i stovene av bonden, trur eg. Alle fekk plass kring festdekkbord, og Olaug ynskte velkomen til ein god middag. Rykande nykokte poteter og grønsaker, svinasteik og så god sos.

Gjett om det smakte? Me åt med hugnad av velfylte fat. Ingen kan seia dei ikkje fekk nok.

Til sist sviskedessert med fløyte på.

Alle var visst fornøgde med maten. Var dei ikkje det, kan ikkje kokken lastast.

Ein så velstelt og fine gard ser me ikkje kvar dag. Det vart berre for lita tid til å sjå seg ikring. Klokka gjekk så altfor fort. Me skulle ha kaffi og før me starta på heimveg.

God kaffi og gode kaker, fjåge pensjonistar, og flinke unge jenter som gjekk mellom borda og sytte for at alle fekk mat og drikke, det vart liksom inntrykket som sit att frå dei koselege stovene på Hovda Gård. Formannen takka i velvalde ord

for ei fin mottaking og godt stell, og så var det berre å putla seg i bussen. Heimvegen ville me leggja til fjells. Oppifrå Vadla. Det var berre det at me kmåtte vera innstilte på å køyra ein heller smal veg til me nådde oppi høgda. Jau det skulle gå det - og gjekk gjorde det. Det lukta gummi, då me nådde høgda, men det betydde ikkje meir enn at sjåføren køyrde trøstigt vidare over fjellviddene han. Mor Norge er vakker i alt sitt mangfold. Til Sand kom me i god tid, så me lurte oss til ein kaffiskvett på hotellet. Det går raskt over til Ropeid, så me rekna med at me var på Tåganen til 20.10 ferja. Nei, det gjekk ikkje. Ei håndveska var på villspor. Den måtte finnast, ho var med til Sand. Ja jammen vart ho funnen etter telefonringing og nøye leiting på Ropeidferja. Glade var finnarane og glad var eigaren. I veska var det som skulle vera der. Nå var me komne til kjende trakter, og då går det dobbelt så fort å ferdast. Til Aksdal kom me i god tid så der gjekk me av og strekte føtene og trekte frisk luft. Endå 30 minutt før me var heima. Det var ikkje lange beten. Nå kom me jo til det finaste av alt. Ikkje ein trelegg eller kratt stengde for utsynet. Kven vil me byta med? Ikkje med noken me som elsker sjø, luft himmel holmar og skjer, og har heimen vår på Bokn. På Tåganen vart det og litt venting, men ikkje stort meir enn til takk for laget og trass alt ein gilde tur.

Elise

## LÉNEMANNEN I TYSVÆR

HAR BOKN FRÅ SEPTEMBER -90

Justisdepartementet har med verknad frå 1. september 1990 fastsett at Bokn kommune blir overført frå Avaldsnes lensmannsdistrikt til Tysvær lensmannsdistrikt.

Bokn Bygdablad har over telefon hatt kontakt med konstituert lensmann Per M. Pettersen Våbenø i Tysvær. Han seier at han synest det er naturleg at Bokn nå får lensmannstenestene utført frå Tysvær. Det ville etter kvart vera meir tungvint å gå gjennom Tysvær til Karmøy.

Tysvær lensmannskontor har tilsett lensmann (Hein Alvseike), 1 førstebetjent, 3 betjentar og 1 kontorfullmechtig. Utanom dette har kontoret 1 lensmannsbetjentaspirant. Kontoret held til på Aksdal

Senter med same inngang som til SR-bank. Kontortida er 08.00 - 15.00. Kontoret har ein eigen vakttelefon som kan nyttast utanom arbeidstid.

Per M. Pettersen Våbenø meiner at kontoret er tåleg bra bemanna, og at dei får unna det meste innan rimeleg tid. Dei får ikkje stillingsauke fordi om dei nå skal dekkja Bokn kommune.

Kontoret utfører dei vanlege lensmannsoppgåvene slik som m.a. bidragsfogd, namsmann, repr. for skifteretten, vegtrafikk m.v. Når det gjeld det siste har dei patruljer ute både i helger og elles i veka.

Per M. Pettersen Våbenø trur det skal bli greit å utføra lensmannsoppgåvene også i Bokn kommune.

## UTFLYTТА BOKNAR I AMERIKA

-Dersom helsa held, tar eg gjerne ein ny tur til Norge-. Dette seier snart 81-årige Magnus Søndeland i ein samtale med bygdebladet. Saman med kona si Venette som feira 70-årsdagen sin medan dei var i Bokn i sommar, er dette 15. gongen dei er i Norge.

Magnus Søndeland er son av Augustin og Ragna Søndeland. I ein søskenflokk på 12 vaks han opp på Sunnaland. Den 6. mai i 1929, knapt 20 år gamal, reiste han over til Amerika. Som for mange andre, så var årsaka til at han reiste at det var vanskelege tider i Norge. I Amerika var det lettare å finna seg arbeid. Magnus hadde to brør og ein onkel i Amerika. Det var lettare å få arbeid når ein hadde familie der frå før. Sjøl reiste han til brørne sine i Chicago. Der fekk han først arbeid på innsjøane med å vera med på å pumpa inn sand som vart frakta til Chicago. M.a. bygde dei på ein stor park i denne byen.

Etter ca. 3 år tok Magnus til i malarfaget. Først var han tilsett i eit firma, men seinar dreiv han for seg sjøl. I periodar hadde han andre tilsette, men han likte best å vera aleine, for då hadde han ei friare stilling.

Dette arbeidet har han drive med i ca. 35 år. Og synes det har vore bra på mange måtar. Magnus seier at han i den første tida tok det han fekk av arbeid. Ein kunne ikkje velja og vraka i stillingar. Den innstillinga meiner han det er sunt å ha. Ein må arbeida seg opp etter kvart. I 1954 kjøpte Magnus seg eige hus i Skokie, Illinois. Det er i utkanten av Chicago. Kona Venette er fødd i Nebraska av svenske innvandrarakar.

Utanom at Magnus hadde to brør i Amerika, hadde han seinare også søstera Erna. Ho bur der i dag, og er gift med Peder,

som er bror til Astrid Søndeland. Også ein annan bror - Marthur - var nokre år i Amerika. Magnus seier at tilhøva i Amerika var omtrent slik han hadde forventa. Han har likt seg godt der borte, og kan ikkje tenkja seg å flytta tilbake til Norge. Likevel har han med 15 turar vore ganske ofte her. Hovedårsaka til Norge-turane har vore å ha kontakt med slekt og vener.

Magnus fortel at han også har hatt høve til å hjelpa nordmenn som ville søkja arbeid i Amerika ved å sjå etter at dei kom fram, finna arbeid til dei, og på andre måtar å hjelpa dei til rette. Også etter krigen kunne norsk-amerikanarane hjelpa litt med varer som var vanskeleg tilgjengelege i Norge.

Vidare fortel Magnus at dei har kontakt med mange av skandinavisk avstamming i Amerika. M.a. gjennom den evangeliske frikyrkja som dei er tilslutta. Det er også norske foreningar som ein kan melda seg inn i. Han går på eit norsk møte omtrent ein gong pr. mnd. Det er noko som er samansett av ulike kyrkjer. Her vert det m.a. feira 17. mai, og ein møter vener og andre kjende.

Magnus seier at han synes det er skjedd store endringar i Norge, særleg etter at det vart funne olje i Nordsjøen meiner han at dette ga grunnlag for økonomisk vekst. Han er imponert over at det her i Bokn nå vert bygd både vegar og bruer i stor stil. Når Magnus er komen godt i drøset, kjem han mange gonger inn på korleis det var i Bokn i 1920-åra. Han har mykje kunnskaper om korleis livet var i den tida, og kjenner mykje folk på Bokn.

Og som han sa først - dersom helsa held, kjem eg gjerne ein tur tilbake til Norge.



## HOBBYBRAKKA

Kjem du til Grønnestad frå sør, kjem du til ein figur i bjørk som peikar mot "Hobbybrakka". "Hobbybrakka" er som namnet seier ei brakke full av hobbyartiklar. Solrunn Alvestad har kjøpt ei brukt brakke av kommunen og starta opp med aktivitet på fritida. Sjøl er ho i fullt arbeid ved Haugesund sosialkontor, men på ettermiddagane er det full kjøp enten på symaskin eller anna vis. Ho tryller fram fine artiklar for sal. Det er både puter, klær gardiner og mykje andre bruksartiklar. Mykje artig har ho for sal, m.a. hobbyting frå Panduro, formingsartiklar, broderi, gips m.m. Tidlegare leverte Solrunn applikasjonar, bilder av stoff og andre ting til Brukshuset,

men etter at ho starta eiga hobbybrakke har ho ikkje hatt tid til det. Åpningstida er kvardagar 17-19 unntatt torsdagar. Laurdagar 10-13. For å starta opp dette har ho fått eit lån på kr. 20.000,- frå kommunen. Elles har ho finansiert resten med egne midlar og lån. Solrunn fortel til bygdabladet at det har vore ein del folk som både har sett på ting og kjøpt, slik at ho greier renter og avdrag. Som om dette ikkje er nok, har Solrunn saman med søstera og andre kjøpt seg inn i "Garnspesialen" i Haugesund. Så interessa for husflid og bruksgjenstandar er jammen på topp. Det ser ein fort dersom ein tar ein tur innom "Hobbybrakka". Her er det mange tips m.a. til gaver.

## SPEIDARANE PÅ LANDSLEIR

Det var 11 forventningsfulle speidere, 7 gutter og 4 jenter som drog avgårde på landsleir i Mandal fredag 3. august. Det var patruljeførerne og assistentene fra Bokn. De var invitert til å være med i bussen til Førre-speiderne, bagasjen og utstyret de måtte ha med tok Leiv med på tilhengeren etter. De var nok spente på hvordan dette kom til å gå for de er jo ganske "nye", det er bare 5 mnd. siden de blei innvidde som speidere, så dette var nok de "ferkeste" som deltok på landsleiren samman med 4.800 speidere fra 15 forskjellige nasjoner. De imponerte stort med sin bygging og speiderferdigheter, og fekk en av dagene 1. pris for orden i leiren. Turen og oppholdet gikk greit, med sol om dagen og litt regn et par netter. De fekk og prøve hva det virkelig var å være speider da de drog på

HAIK, da overnattet de under åpen himmel og gikk nesten 2 mil i utmark, men hva gjør det vel om soveposen blei litt fuktig når man er speider og har humøret på topp. Dagene gikk fort og de var opptatt fra morgen til kveld, reveljen gikk kl. 07.30 og rosigalet kl. 23.00, så innimellom her skulle det lages mat, rydde, ha samlingsstunder (møter) og fritidsaktiviteter, men høydepunktet om dagen blei leirbålet og samlinga rundt det om kvelden. Leiv var den som sto som leder for og med speidergruppa mens Gudny og Marit m/fam. var med som "medhjelpere" de 4-5 første dagene. Det var ei fornøyd, men sliten (og skitten) gruppe som kom heim etter 8 uforglemmelige dager på leir. Neste gang det blir leir er det nok ei større gruppe som reiser fra Bokn, da de som nå var med får sine egne grupper fra høsten av. Vi takker de foreldre som stiller opp og kjører speiderne når det trengs.

G + M.

## SOMMARMINNE FRÅ 2. KLASSINGANE

i sommar reiste me TIL DAMARK  
me kørde og BODDE i ei HyTTA.

Helsing ERLEND

Heile - familien - reiste til  
AUSTREBOKEN Der - FORHUSTA -  
PÅ HeiÅ - DÅ - Me - VA -  
FRDIG - Jek ME HIM OG - DÅ -  
SKO - Me - SPISE - KVELS OG -  
ETER - PÅ - REISE - Me HIM

HILSEN - JOSTEIN

me reiste te MANDAL. DER Va  
det kjekt. me BADA

Helsing Bjørn Erik

isommar reiste Hele Familien  
Til Bergen og Til Sogn og  
Fjorane  
Me BaDA og De va Kjekt

Frå DagHILD

heile Familien reiste Til  
Lillesand. de var kjekt


Helsing Solveig

Eg tog et fly til OSLO der  
buta eg Flyet Jekk til  
Nordnorge. eg vame Kjartan og  
Malvin Me bada På EIN Fin StrAN

Fra Glenn

I somar reiste me til Suldal  
og til Danmark  
me Handla og låg i ei huta. Me  
HDe De kjekt.

Hilsen Geir Helge



### BOKN DAMEKOR

Har no øvingar på mandagar kl.  
20.00 i musikkrommet. Me skal  
øve inn nye songar og treng  
fleire medlemmer. Bli med oss  
på mandagskveldane!

Jardar

PENGER IGJEN PÅ SKATTEN?

NÅ LØNNER DET SEG Å SPARE

**M**ed SR-Høyrentekonto får du nå 9% rente pa.  
allerede fra første krone. Du får også 6 frie uttak i året  
i tillegg til uttak av fjorårets renter.





## ELDREMIDLAR

Såkalla eldremlar har også kome Bokn kommune til gode. I 1990 vil kommunen få kr. 127.000,- til diposisjon, og i 1991 kr. 199.000,-. Det vesentlegaste av midlane vil gå til eldreomsorga. Den største delen er tenkt brukt til ein bil til eldreomsorga. Denne vil då bli brukt i heimesjukepleien, til transport av eldre m.v. Det er også tenkt brukt midlar til innkjøp av utstyr til ombringing av varm mat til eldre. Vidare er det

budsjettert midlar til utstyr ved kontor og kjøken ved sjukestova.

I tillegg til dette er det sett av midlar til funksjonshemma, m.a. i form av deltids assistentstilling og støttekontakt.

Utanom dette er det tenkt oppretta auke av ekstrahjelp til heimehjelp, 1/2 stilling for aktivtør og noko auke i arbeidstida for dei som arbeider ved kjøkenet på sjukestova.

## TUR TIL BOKN

Så har vi igjen hatt tur med pensjonister. Denne gangen til Bokn. Vi fikk dessverre gråvær, men på grunn av guiden Målfrid Kro Trosnavåg som møtte oss på kaien med et strålende smil og en kolosal kunnskap om Bokn, la vi ikke merke til været.

Utrolig at den kjekke sjåføren vår, Hans Stokka, klarte å få den 50 seters bussen på kryss og tvers over hele øya. Hjertelig takk til Inger Sønnøve Bokneberg og Bokn

Sanitetsforening for at vi fikk så fin servering og herlig mat på Boknatun.

Bodil Toresen spilte og Lis Takheim overakte gave til Bokn Sanitetsforening og til Målfrid.

Det ble en uforglemmelig dag.

Hilsen

pensjonærer og fra oss i Sandeid Sanitetsforening.



**BOKN KOMMUNE**

### BIBLIOTEKSJEF 1/2 STILLING

Frå 1. desember 1990 vert det ledig ei 1/2 stilling som biblioteksjef i Bokn kommune. Utanom vanlege oppgåver som biblioteksjef er stillinga tillagt andre arbeidsoppgaver innan kultursektoren. Det krevs fagutdanning som bibliotekar. Stillinga er løna i ltr.20. Tilsetjinga skjer på dei vilkår som går fram av gjeldande lover, reglement og tariffavtalar.

Nærare opplysningar om stillinga får ein ved å venda seg til sekretæren i kulturstyret Reidar Alvestad eller rådmann Jan Erik Nygaard tlf.(04)748500. Søknad sendes Administrasjonsutvalget i Bokn, 4290 Føresvik  
Søknadsfrist 5.oktober 1990

## STADNAMN I BOKN

### JØSANG

Namnet blir i daglegtalen uttala "Jøsen". I bispen si jordebok frå kring 1620 (bygd på førelegg frå mellomalderen) blir namnet skriva "Jossund". Opphavleg blei namnet uttala "Mjosund". Det var såleis sett saman av to ord: "mjå" som tyder smal eller trong og "sund". Namnet tyder altså "det tronge sundet".

Dette heng saman med at då garden fyrst blei busett for minst eit par tusen år sidan, sto havet to meter høgare enn i dag. Det førde til at Loden og Jøsenlandet blei skilde av eit trongt sund som garden Mjåsund låg ned mot.

Garden var av dei mellomstore, men hadde bare ein brukar til fram mot midten av 1700-talet. Unnataket var hundreåra etter Svartedauden. Til liks med nabogardane Loden og Kjøynå førde pesten til at han blei avfolka. Fyrst fram mot 1600 slo det seg på ny ned ein familie på garden.

Og som nabogardane høyrde Jøsang heilt sidan mellomalderen til bispen i Stavanger. Difor var det naturleg at Jøsongbonden fekk driva dei to øydegardane. Han mista Loden som tilleggsjord då garden på ny blei busett kring 1640. Men Kjøynå låg alltid sidan under Jøsang.

Sist på 1600-talet blei garden rekna som lett å driva. Åkeren var rett nok ikkje av dei største. Folka her spadde bare 6 - 7 mål. Men jorda ga 7,5 fyll, mellom det beste i bygda. Eit par tonn korn hausta dei år om anna, om lag nok til å kornfø seg. Til dette fødte dei vinteren over 13 kyr, to hestar og 24 sauer, også det er rimeleg bra i desse tider. Attåt åtte garden ei bekkvern "till fornødenhed".

Likevel var forholda heller fattigslege. Kring 1670 gifta Sjur seg med Anbjørg Danielsdotter Laubland og tok over garden etter far sin, han Ola Olsson. Dei levde lenge nok saman til å få to døtre, Kari og Ane, før Anbjørg døydde våren 1676. Alt som då blei rekna av verdi i huset, var eit par gryter, eit par kjelar og skjerdinga i gruva. Resten var av trevirke og blei ikkje rekna med. Og kleda til Anbjørg var ikkje meir enn som trongst: eit nytt og eit gammalt blått skjørt, eit snøreliv, eit par gamle trøyer og ei gammal kåpe. Me får håpa ho åtte noko heimelaga vadmålstøy i tillegg. Av fottøy åtte ho ikkje anna enn tresko. Det fanst lite stas på Jøsang i dei dagar.

### SUNNALAND

Også denne garden fekk namn etter sundet han låg ved. Han dukka fyrst opp i skrivne kjelder i 1519 som "Swndeland" ("w" blei då uttala "u"). I mellomalderen heitte garden venteleg "Sundaland", d.v.s. lendet ved sundet. Og sundet er greitt nok det som skil Jøsenlandet frå resten av Vestre Bokn.

Garden var av dei mellomstore, men litt mindre enn Jøsang.

Åkeren var nok like stor, men noko skrinna. Her på garden heldt dei elles bare ein hest og ti kyr midt på 1600-talet, og det mangla kvern.

Som på Jøsang heldt det heller ikkje på Sunnaland til meir enn ein familie. Og slik var det til langt inn på 1800-talet. Men i motsetnad til nabogarden, blei ikkje Sunnaland fråflytta etter Svartedauden. Kring 1500

heitte folka her Nils og Ragnhild og dei budde her under temmelig fattigslege forhold. Dei gav kring 1520

frå seg garden til Svein som

sidan dreiv han til midten av 1500-talet.

Garden var heilt frå seinmellomalderen i privat eige. I fyrste halvta av 1500-talet var noko av han i

sjølvveige medan det meste

kring 1620 var delt mellom storbonden Gudmund Fosen og Asser Olsson som også åtte mykje jordegods kring

Karmsundet

Sjølv om det var heller trengt på Sunnaland, var det ikkje verre enn at bonden der i 1660-åra let ein husmann slå seg ned på garden. Sidan var denne plassen i drift til godt inn på 1800-talet.

## OMTALE I "DET NYTTER"-MAGASINET 1990

Kommunenes Sentralforbund og Sosialdepartementet har i "Det nytter"-magasinet 1990 omtale av ulike spennande prosjekt frå konkurransen "Det nytter"-prisen for 1989. På side 19 i magasinet står dette:

"Bokn:  
Sjukestova er helsesenter for alle.

I den vesle øykommunen Bokn i Rogaland tilbyr Bokn sjukestove en fleksibel og variert helsetjeneste for alle de 750 innbyggerne. De ansatte jobber sammen på tvers av profesjongrensene, uten egne arbeidsinstrukser, men med samarbeid og service som felles målsetting. Hele befolkningen bruker sjukestova, som heller ikke har noen ventelister og derfor kan ta seg av stort sett alle henvendelser. Før Bokn sjukestove åpnet 1. august 1987, måtte pasienter med behov for institusjonsplass sendes til nabokommunen Karmøy. I dag gis et godt tilbud i brukernes eget lokalmiljø.

I følge pleie- og omsorgssjef Else Nilssen, som også er kommunens jordmor, og avdelingssykepleier Gunn Grønnestad, har ordningen medført tillit fra befolkningen i kommunen. De gamle og deres familier er trygge på at det er plass ved sjukestova om behovet melder seg. De er derfor innstilt på

å være hjemme med diverse hjelpetiltak i hjemmet, så lenge som mulig, forteller de to. Institusjonen fungerer derfor i i nært samarbeid med den åpne omsorgen i kommunen. Det åpne omsorgstilbudet er bredt, med vanlige hjemmebesøk, men også med stor grad av hjelp til dem som kommer på dagbesøk til sjukestova. De kan få hjelp til bading, sengevask og andre praktiske gjøremål. I samme hus ligger også tannlege, bank, post og offentlige kontorer. Kommunen har bare lege et par dager hver annen uke, og i mellomtiden fungerer sykepleiere og helsepersonell som legetjenestens forlengede arm.

-Driftsmodellen i Bokn ser ut til å fungere svært godt, og vi har hatt forespørsler fra flere nabokommuner som orientering om "Boknamodellen". Dette har vi fulgt opp med besøk i disse kommunene, eller representanter for dem har vært her i Bokn for å få orientering, forteller Nilssen og Grønnestad."

Slik stod det altså å lesa i "Det nytter"-magasinet 1990. Som ein kan forstå av innhaldet, er det minst eit halvt år sidan det vart skrive. Det er i dag Gunn Grønnestad som er pleie- og omsorgssjef i kommunen, medan Marie Løvoll Faye er avdelingssjukepleiar.

# BOKN FOLKEBIBLIOTEK



## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10-13.30

ONSDAG: 16-19

TORSDAG: 10-13.30



## LESETIPS FOR SEPTEMBER

### VAKSNE

Nordberg, Nils:  
kriminalgfortellinger

Marquez, Gabriel Garcia:  
Hundre års ensomhet

Guillou, Jan:  
I nasjonens interesse

James, P.D.:  
Intriger og begjær

Lundgren, Eva:  
Gud og Hver Mann

### BOKKAFÉ:

"Petra" startar opp med  
BOKKAFÉ onsdag 5.september  
frå kl.16.00 - 19.00.

### BARN OG UNGDOM

Dahl, Roald: Norske  
Verdens største fersken

Eide, Torill:  
Blå vår

Moen, Torbjørn:  
Rock, Regn og Varmvåte Kyss

Mannikkøe, Lise:  
Tom-Abraham i Bakventland

Scheen, Kjersti:  
Sofie og hulesteinen

### BARNETIME:

Velkommen til BARNETIME  
onsdag 5.september kl. 17.00



BIBLIOTEKET ER STENGT ONSDAG 12.SEPTEMBER





# BOKN KOMMUNE

VANN OG KLOAKKAVGIFTER<sup>VIK</sup>

SLAMAVGIFT

Fylkesmannen i Rogaland har godkjent Bokn kommunestyrets vedtak av 19. desember 1989 om tilknytningsavgifter og årsavgifter for vann og kloakk.

Satsene er:

VANN.

Tilknytningsavgift:

Minsteavgift	kr. 5.475,-
Avg. for areal utover dette pr. m <sup>2</sup>	" 35,40

Årsavgift:

Hus: Minsteavgift for inntil 250 m <sup>3</sup> forbruk	kr. 500,-
Hytter: Minsteavgift for inntil 125 m <sup>3</sup> forbruk	" 250,-
Forbruk utover dette pr. m <sup>3</sup>	" 2,10

KLOAKK

Tilknytningsavgift:

Minsteavgift (hus inntil 150 m <sup>3</sup> )	kr. 5.475,-
Avgift for areal utover dette	" 14,75

Årsavgift:

Hus, avrenning for inntil 250 m <sup>3</sup>	kr. 500,-
Hytter, avrenning for inntil 125 m <sup>3</sup>	" 250,-

SLAMAVGIFT

kr. 360,-

Teknisk etat

## BUSTØNAD FOR MINSTEPENSJONISTAR

Bokn kommune har midlar til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Pengane skal fordelast etter desse vilkåra:

Søkjaren må:

- Vera alders- uføre- eller attlevande pensjonist.
- Ikkje ha andre inntekter enn summen av minstepensjonen i folketrygda + eventuelle mindre tillegg, eller anna inntekt pensjon som overstig denne summen.
- Ha buutgifter som overstig 15% av inntekta. Buutgifter omfattar husleige, avdrag og renter på bustadlån, kommunale avgifter, lys og brensel o.l.

SØKNADSRIST: 31. SEPTEMBER 1990

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret, tlf. 74 85 00.



## PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE I BOKN

Spesialpedagog Astrid Sollid og barnevernspedagog Eva Moi er no på plass og i fullt arbeid med å gjere seg kjent med skule og barnehage. Dei held til på skulen og har arbeidstid måndag, onsdag og torsdag kl.0800-1500. Psykolog Nina Wold har ikkje starta arbeidet sitt i Bokn enno, men vi reknar med at ho kjem til å

ha torsdag som sin Bokn-dag.

PPT-kontoret har det litt trangt om plassen no i starten. Ein reknar likevel med å kunne gje foreldre og andre som tek kontakt rimeleg god service. Men det vil vere til stor hjelp dersom ein kan ringe på førehand og avtale tid for samtale.

## NYTT SKULEÅR

I siste nr. av bygdabladet hadde det p.g.a. ein glipp i redaksjonen blitt mangelfulle opplysningar m.h.t. vinterferie og påskeferie.

Her kjem ei oppretting:

Torsdag 3. januar er første skuledag etter juleferien. Vinterferien varer ei veke frå måndag 25. februar, og det er påskeferie frå måndag 25. mars til og med tysdag 2. april.

### SAVNA SYKKEL

Har nokon sett min rosa Off Road 18 G sykkel?

Trond Christiansen 74 85 26

### IDRETTSSKULEN

#### HAUSTEN 1990

Det er ennå mogeleg for 3-10 åringar å melde seg på til idrettsskulen som startar opp i haust. For nærare informasjon kontakt Linda på tlf. 74 85 00.

### REIDUNS BLOMSTER

Reiduns Blomster åpnar fredag den 31. august i den gamle banken i Føresvik. Åpningstida vil bli frå kl. 10 på kvardagar. Mandagar vil det bli stengt, men laurdagar vil ho ha åpent frå kl. 9. Telefonnr. er 74 86 60. Reiduns Blomster vil ha utval i potteplanter, avskorne blomster pluss potter, urner, korgar. I tillegg skal Reidun også selja for Brukshuset i den gamle banken.

### KUNNGJERING

Skulestyremøte.

Det blir skulestyremøte på skulen tysdag 11. september 1990 kl. 1700.

### ledig stilling

Deltidsstilling som assistent i barnehagen.

Med atterhald om kommunestyret si godkjenning, er det ledig mellombels deltidsstilling som assistent i barnehagen.

Arbeidstid pr. veke kan bli 6-8 timar. Styrar i barnehagen kan gje nærare opplysningar om arbeidstid m.v. Stillinga er mellombels for barnehageåret 1990/91.

Søknad, med rettkjende kopiar av attestar m.v., sendast skulekontoret i Bokn, 4290 Føresvik, innan fredag 7. september 1990.

Skulesjefen.

## RØDE KORS VEKA

Røde Kors-veka går av stabelen i månadsskiftet august/september kvart år over heile landet, og skaffer den lokale Røde Kors-forening inntekter til tiltak i lokalmiljøet. Alle tenkelege aktivitetar blir sett i gong, alt frå kassabilløp, marknadsdagar, fiskekonkurransar, mannekengoppvisningar og tombola, oppfinnsomheten er stor over det ganske land.

Her på Bokn er det første gong me er i sving med markering av september-veka, ettersom foreningen her ennå ikkje har fylt 1 år. Men litt skal me då dra igong. Besøkstenesten startar tirsdag 12. september med fest for eldre på Boknatun, og kjenner eg Else &

co. rett er det nok lagt opp til humørfylte timar. 14. og 15. september blir Røde Kors-medlemmer sett i sving med bamselotteri i Føresvik og på Austre Bokn og så endeleg får me besøk av Karmøy Trekkspillklubb med mange danseglade medlemmer lørdag 15/9. Saman med dei inviterer me til ein koseleg kveld med dans, litt underholdning og utlodning. Etter det eg har høyrte er dei mange, dei er flinke og spelar både swing og gammaldans, variert musikk, heiter det visst. Hjarteleg velkomne er alle, enten de dansar eller ikkje, musikken er god og mat skal det bli, og kanskje blir du vinnar av turen me loddar ut!

Audhild

## SKRAP ETTER SKATTEN!

Ja slik lyder slagordet for det nye skraploddet som Norges Røde Kors lanserer.

Det nye med dette skraploddet, som skiller det ut frå dei andre skraploddene er at du støttar opp om Bokn Røde Kors og dei andre kommisjonærane på Bokn.

Lodda kostar kr. 20,- pr. stk. Av dette får Bokn Røde Kors kr. 5,- og kommisjonærane kr. 3,- pr. stk. Det er mange og store beløp å vinna - frå kr. 20,- og opp til 1 million

kroner.

Ein ting som også er nytt er at det er eit ekstra skrapefelt. Her kan du enten vinna ein sykkel eller eit 1-års abonnement på Røde Kors bladet.

Så folkens - sjå etter lodd - enten på Aurora, hos Steinar Alvestad landhandel eller på Posten. Kan henda ein av oss blir millionær.

Salet startar i slutten av august og sluttar 15. april 1991.

J.A.

## BOKN BYGDEBLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune  
4290 Føresvik  
Tlf. 04-748500  
Postgirokonto nr. 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

### BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### REDAKTØR:

Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300  
Halv side: kr. 150  
1/4 side: kr. 75  
1/8 side: kr. 50  
Små privatannonsar: kr. 10,-.

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.  
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

B

**FEIEREN KOMMER!**

I løpet av september/oktober vil alle husstander få besøk av feieren. Sørg for at feieluka er tilgjengelig. Avgifta er kr. 50,- og kan betales direkte til feieren.

Brannsjefen

**ARR. I AUGUST**

15.august Dans/Underholdning.  
Arr: Bokn Røde Kors.

**Pensjonistar:**

"Tippoldemors menuett".

ALLROMMET, BOKNATUN:  
fredag den 21.sept. kl 17.00  
Alle pensjonistar er velkomne.

"TIPPOLDEMORS MENUETT"  
Konsert med Grete Brunvoll  
og Desiree Paulsen.

**GUDSTENESTER**

9.sept. kl.19.30  
(innskr. av konfirmantar).

30. sept. kl. 11.00.

**KYRKJEBYGD SØNDAGSSKULE**

16. september  
23. september

**FOTPLEIE**

Det vert  
fotpleie mandag den 10. sept.  
Påmelding til sosialkontoret.

***ALLROBA a.s***  
***kiosk-video***

VI HAR FÅTT NYE ÅPNINGSTIDER:

mand-torsd 12-16 og 18-20  
fredag 12-21  
lørdag 11-18  
søndag 15-21

HALV PRIS:

Vi vil selge ut all kosmetikk  
og toalettartikler.  
Dessuten har vi en del  
heklegarn (GRANDI) ubleket og  
gult som vi selger for kr.20,-  
pr. nøste.  
BIANCA heklegarn kr.15 pr.  
nøste.

**LANGDAG TIRSDAG I**

**GODE TILBUD**



**TRELAST- OG BYGGEFORRETNING**  
4262 AVALDSNES - TLF. (04) 84 31 11

**RING SOLVEIG GUNDERSEN**  
FOR AVTALE TLF. 74 85 01

**TEGNING**

**BYGGESAKSBEHANDLING ...**

**FORSLAG TIL KJØKKEN ETC.**

**DET ER VI SOM SELGER BLINK-HUS!**

